

Harald Nilsen Tangen uttatt i landslagstroppen.

11.04.2016



Både Harald og faren Rune Nilsen er nok svært fornøgde med landslagsuttaket i dag.

Etter å ha venta i spenning ei god veke, vart spelarane til fotballandslagstroppen G15 gjort kjent i dag. Talentet Harald Nilsen Tangen sitt namn var blant dei utvalde til glede for alle som har fulgt utviklinga til den 15 år gamle sympatiske fotballspelaren. Landslagstrenar Gunnar Halle har tatt ut 20 spelarar i troppen.

Troppen skal spela 5 kampar i Østerrike og Italia mellom 21.april og 2.mai. Første del av turneringa går i Østerrike medan plasseringskampane vert spela i Italia. I innleiingskampane skal Norge først møte Japan, og deretter følgjer kampar mot Østerrike og Mexico. Spania, USA og Italia er også med i turneringa. Etter dei tre innleiingskampane vert det plasseringskampar i Italia.

De finn heile landslagstroppen ved [å klikka inn her](#).

Les tidlegare saker om den ferske landslagsspelaren [her](#) og [her](#).

Vi gratulerer Harald og familien!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.